

# BACHELOROPPGÅVE

## Einsam i barnehagen

av

303 Aina Christine R. Linde

304 Anne-Torhild Lindskog

Barnehagelærerutdanning, deltid, Kvam, arbeidsplassbasert

BLU3-1006

Januar 2017



**Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

303 Aina Christine R. Linde

JA  NEI

304 Anne-Torhild Lindskog

JA  NEI

## Innholdsliste

1.0 Innleiing .....	4
1.1 Oppgåvas oppbygging .....	4
1.2 Omgrepsavklaring og avgrensingar .....	4
2.0 Teoridel.....	5
2.1 Tilvenning .....	5
2.2 Tilknytningsteori og relasjonens betydning.....	5
2.3 Inkludering og integrering som omgrep og betydninga av inkludering og integrering.....	7
2.4 Leik.....	9
2.5 Venenskap .....	9
3.0 Metode .....	10
3.1 Val av metode.....	10
3.2 Val av informantar .....	11
3.3 Pilotstudie.....	12
3.4 Gjennomføring av det kvalitative intervjuet .....	12
3.5 Validitet og Reliabilitet .....	13
3.6 Analyse og tolking av data .....	14
3.7 Metode og kjeldekritikk.....	14
3.8 Etske omsyn.....	15
4.0 Presentasjon av empiri .....	16
4.1 Tilvenning og oppstart.....	16
4.2 Tilknytning .....	17
4.3 Integrering og inkludering av «nye» born .....	18
4.4 Relasjonsbygging og vennskap .....	19
5.0 Drøfting.....	20
5.1 Betydning av tilvenning og tilknytning for «nye» born .....	20
5.2 Bevisstheit kring eigen praksis og betydninga av denne i lys av inkludering og integrering av «nye» born .....	23
5.3 Leik og vennskap ein veg til relasjonsbygging? I lys av «nye» born sin oppstart.....	26
6.0 Avslutning .....	28
Kjeldeliste .....	30
Vedlegg .....	31
Vedlegg 1 - Informasjonsskriv til intervjuobjekta.....	31
Vedlegg 2 - Pilotspørsmål .....	31
Vedlegg 3 - Intervjuguide .....	31

## 1.0 Innleiing

Temaet ny i barnehagen har fenga oss då me har observert at born som kjem ny til barnehagen uavhengig av bakgrunn kan fella utanfor dei allereie godt etablerte gruppene i barnehagen. Me har observert at det kan vera utfordrande med tanke på inkludering/integrering og relasjonsbygging både for barnet, foreldra og personale. Me ynskjer å setje fokus på det å vere ny i barnehagen uavhengig av bakgrunn, og at oppgåva skal kunne vere ein ressurs til kompetanseheving for våre medarbeidarar og oss sjølve. Målet er at denne oppgåva skal kunne brukast til hjelp for kvifor og korleis ein på ein god måte skal leggje til rette for at dei nye borna vert godt inkludert i barnegruppa i barnehagen.

I rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver (2011, s.23) står det: "Personalet har ansvar for at alle barn, uansett funksjonsnivå, alder, kjønn og familiebakgrunn får oppleve at dei sjølve og alle i gruppa er viktige personar for fellesskapen". Dette viser til kva viktige oppgåver me i barnehagen har med tanke på inkludering. Med meir kompetanse kan me få fram viktigheita rundt dette temaet, og på best mogeleg måte leggje til rette for nye born som kjem til barnehagen uavhengig av bakgrunn, og inkludere dei i dei allereie etablerte barnegruppene.

Korleis ein gjennomfører tilvenning for nye eldre born, i alderen tre-seks år, er eit spørsmål som er sentralt for oss. Tilpassar ein opplegget og kvardagen for desse borna på same måte som dei yngste då dei skal byrje i barnehagen? Eller ligg det nokre haldningar til grunne for at desse borna ikkje har bruk for det på same måte? Dette ynskjer me å få svar på gjennom våre undersøkingar.

Problemstillinga for denne oppgåva vil vere: «Ny i barnehagen, kvifor skal ein tideleg leggje til rette for å inkludera nye born, i alderen tre-seks år, i ei allereie etablert barnegruppe?».

### 1.1 Oppgåvas oppbygging

Oppgåva vår er bygd opp med ei innleiing i del 1.0 og etter det følger ein teoridel 2.0, der me presenterer vår teoretiske forankring, delt inn i tema, tilvenning, tilknytningsteori og relasjonens betydning, inkludering og integrering som omgrep og betydinga av inkludering og integrering, leik, og til slutt venskap. Deretter kjem ein metodedel i 3.0, der me skriv om våre metodiske val og prosessen rundt intervjuet. I 4.0 presenterer me våre empiriske funn, der dei er delt inn i fire ulike kategoriar. Og i del 5.0 drøfter me vår teori opp mot våre empiriske funn, og avsluttar så oppgåva i punkt 6.0. I metodedelen viser me til vedlegg, desse inneheld informasjonsskriv til intervjuobjekta, pilotspørsmål og intervjuguide.

### 1.2 Omgrepsavklaring og avgrensingar

I problemstillinga vår omtalar me dei nye borna som kjem til barnehagen, då tenkjer me ikkje på dei yngste borna som startar i barnehage for fyrste gong, men på born i alderen tre-seks år, uavhengig av bakgrunn, som kjem og skal inn i ei allereie etablert barnegruppe.

I oppgåva bruker me omgrepet integrering. Dette er eit omgrep som er mykje brukt i media og statlege skrifter der det omhandlar flyktningar og minoritetspråklege menneskjer. I vår oppgåve vil me bruka omgrepet integrering om born uavhengig av deira bakgrunn.

I denne oppgåva har me måtta ta nokre val, for å avgrense oppgåva vår. Til dømes ser me på foreldresamarbeid som svært viktig i ein slik situasjon som når eit born startar i barnehagen, og elles i ein barnehagekvardag. Ut frå empirien såg me at temaet om foreldresamarbeid ikkje vart relevant for oppgåva og problemstillinga vår. Me har valt å konsentrera oss om borna, og korleis og kvifor barnehagen legg til rette for nye born i alderen tre-seks år.

## 2.0 Teoridel

I denne delen av oppgåva vil me i hovudsak presentera teori innan tilvenning, tilknytning, relasjonar, inkludering, integrering, leik og venskap.

### 2.1 Tilvenning

Brandtzæg, Torsteinson og Øiestad (2013, s. 105) skriv om viktigheita av å arbeide med å få barnet til å føle seg trygg i oppstartsfasen. Dette er avgjerande for at barnet etter kvart skal kunne vera i samhandling med born og vaksne på ein god måte. Born som tidlegare har gått i barnehage og kjem til ei ny gruppe kan oppleve kjenslemessig brot i overgangen, ved at det kjente og gjerne trygge forsvinn. Ein må vere bevisst at sjølv om eit born har erfaring frå barnehage, så kjem det til eit nytt miljø med nye vaksne og born. Det kan vere hensiktsmessig å la barnet kome på besøk til barnehagen i forkant av oppstarten. Då kan barnet helse på dei andre borna, og kanskje begynne å byggje ein relasjon til dei vaksne i barnehagen. Noko som er avgjerande for å kunne føle seg trygg. Born som kjem nye til barnehagen kjem med det som Bourdieu i Drugli, Glaser, & Størksen (2014, s.360) omtalar som habitus. Habitus er det ein har med seg av erfaring og kunnskap frå tidlegare.

Fagereng (2015, s.88) skriv om fordelene ved å ha ein oppstartssamtale i løpet av den fyrste tida i tilvenningsperioden. Ein oppstartssamtale handlar om å gjere seg kjend med barnet og deira heimemiljø, rutinar og det å skaffe seg informasjon om barnet. Alt i frå kva barnet likar å ete, temperament, til kva det likar å leike med. Brandtzæg (2013, s.102, 103) meiner at ved å ha ein slik samtale vil tilvenninga gå mykje betre for borna.

### 2.2 Tilknytningsteori og relasjonens betydning


"Nærhet til trygge vaksne er helt avgjørende også for barns psykologiske utvikling" (Brandtzæg, Torsteinson, & Øiestad, 2013, s. 16). Brandtzæg mfl. (2013, s. 105) meiner at også dei eldste borna frå tre år har behov for ein primærkontakt eller tilknytingsperson. «Primærkontakten har ansvaret for å følge opp barnet og foreldrene den første tiden, og skal sørge for at barnet blir kjent og trygg i den nye hverdagen. I løpet av tilvenningsperioden vil primærkontakten fungere som barnets trygge base når det er i barnehagen» (Fagereng, 2015, s. 24). Fagereng (2015, s. 24) skriv vidare om den trygge basen, at det er her

barnet får kvile, trøyst og omsut hjå foreldra, som i fyrste omgang er bornas trygge base. Som nemnt meiner Brandtzæg at ein tilknytingsperson er noko alle born i barnehagen har behov for, også dei over tre år. Dette handlar om at borna skal ha minst ein vaksen som dei kjenner seg skikkeleg trygg på, og at dei har ein som er tilgjengeleg for dei. Brandtzæg (2013, s.105) meiner vidare at born i tre til seks års alderen vil lettare kunna danna trygge relasjonar til fleire vaksne, til forskjell frå dei yngste borna i barnehagen. Dette fører til at desse eldre borna vil kunne søkje trøyst og vera trygg i aktivitetar samen med fleire vaksne.

Bornas behov for tilknytning forsvinn ikkje sjølv om dei er store born, men dei vil utvikle seg til å bli meir sjølvstendige etter kvart som dei vert eldre (Broberg, Hagström, & Broberg, 2014, s. 107).

De eldre barnehagebarna bruker også pedagogene sjeldnere som en sikker havn, det vil si at de ikke kommer like ofte tilbake til pedagogene og «fyller» tanken». Dette kan komme av at eldre barn har utviklet en bedre evne til å regulere følelsene sine selv og kan vente til foreldrene er i nærheten med å bearbeide en del av det de opplever i løpet av dagen. (Broberg, Hagström, & Broberg, 2014, s. 108).

Tilknytningsteorien seier noko om prosessen der barnet er trygg og søker nærleik til omsorgspersonen, og noko om korleis det vidare fører til danning av indre struktur som igjen er grunnlag for bornas personlegdomsdanning og samspel med andre rundt seg (Hart & Schwartz, 2009, ss. 65, 66). Ein trygg tilknytning gjev barnet fridom til å utforska og leika (Askland & Satøen, 2013, s. 63). Ein kan seie at tilknytning er når ein kan knyte kjenslemessige band til bestemte menneske som kan gje beskyttelse, trøyst og ro (Hart & Schwartz, 2009, s. 65). "Trygg tilknytning betyr at barnet opplever omsorg, beskyttelse, tilhørighet, kontakt med andre og opplever å "ha" relasjonen til den andre" (Schibbye, 2012, s. 102).



Brandtzæg (2013, s.18) viser til tryggleikssirkelen, som illustrert over. Dette er ein modell som går ut på å forstå born si tilknytning og utforsking. Modellen illustrerer korleis den vaksne fungerer som sirkel av tryggleik, ved at ein er til stades og let barnet utforske, men samtidig er observant og fungerer som ei trygg hamn når barnet har behov for det. Den seier noko om korleis barnet held kontakt med sin omsorgsperson innanfor visse avstandar. For eksempel når barnet er i leik og blir lei seg, søker barnet nærleik til omsorgspersonen, for deretter å gå tilbake til leiken når barnet er trygt igjen. Barnet treng ikkje vera i direkte nærleik til omsorgspersonen, men vita at personen står til disposisjon. Bowlby (Hart & Schwartz, 2009, s. 71) seier at ein trygg tilknytning kan kjenneteiknast ved at barnet bruker tilknytingspersonen som ein trygg base. Barnet er fleksibel og robust ovanfor stress og tap. Eit slikt tilknytingsmønster blir til då tilknytingspersonen står til disposisjon når det trengst, det reagerer på barnets signal, og gir barnet kjærleg merksemd når det søker trøyst.

Anne-Lise Schibbye (Jensen & Ulleberg, 2011, s. 261) har utvikla teorien dialektisk relasjonsforståing. Relasjon handlar om eit samspel mellom individ. Denne teorien byggjer på speglingsteorien til Georg Herbert Mead, og den dialektiske tenkinga til den tyske filosofen Georg Wilhelm Friedrich Hegel. Det finnes mange ulike relasjonar, til dømes mellom mor/far og born, lærar og elev. Innan dialektisk relasjonsforståing er det eit omgrep som er spesielt sentralt, anerkjenning. I den kontekst er omgrepet indre anerkjenning det Schibbye (2012, s. 259) ser som eit viktig element. Indre anerkjenning handlar om den forståinga ein har for eit anna individs følelsar, tankar og opplevingar. At ein får lov til å eige si eiga kjensle. (Schibbye, 2012, s. 259). Med tanke på den dialektiske relasjonsforståelsen er det òg nødvendig å dra inn dialektikken. Ein utviklar sjølvst i samhandling med andre. I store norske leksikon er dialektikk gjort greie for slik: «Dialektikk, metode som gjennom samtale – spørsmål og svar, bevis og motbevis, argument og motargument – søker å bestemme omgrepas innhald eller, mer allment, trengje inn i et problem» (Tranøy, 2011).

### 2.3 Inkludering og integrering som omgrep og betydinga av inkludering og integrering

Sjøvik (2014) skriv at det er meir vanleg å bruke omgrepet inkludering framfor integrering i dagens samfunn. «En begrunnelse for det er at de ønsker å markere at barn med særskilte behov ikke skal føres inn i noe, men at de allerede har en tilhørighet som er like selvfølgelig for dem som for alle andre.» (Sjøvik, 2014, ss. 40-41). Ho seier vidare at dersom ein nyttar omgrepet integrert om eit born vil det bety «at *de integrerte barna* på et eller annet vis er utskilt som noe spesielt.» Ein kan dermed sjå at formuleringa kan føre til segregering til tross for at ein meinte det positivt (Sjøvik, 2014, s. 40). «Et inkluderende fellesskap må baseres på *gjensidighet*. Grunntanken er at alle skal tilpasse seg hverandre» seier Moe og Valseth i Sjøvik (2014, s. 356), vidare skriv dei at «I barnehagehverdagen dreier inkludering seg om at alle barn skal ha mulighet til å fremstå som verdifulle og interessante lekekamerater» s. 353. Fagereng (2015, s.36) meiner det er viktig at ein førebur den etablerte barnegruppa på at det kjem eit nytt born i barnehagen, og

at borna vert involvert i kva det vil sei å ynskje det nye barnet velkomen, og kva oppgåver det er knytt til det.

«Barnehagepraksis = inkluderende praksis? Plassering av barn i barnehage representerer i midlertid ingen garanti eller automatikk med tanke på inkludering og sosial kompetanseutvikling for enkeltbarn.» (Lamer, 2014, ss. 13,14). Når det kjem til born med minoritetsbakgrunn kan det å kome inn i ei barnegruppe vere utfordrande.

Barnehageplass fører ikke automatisk til integrering for dem. Observasjoner viser at disse barna ofte går for seg selv, de leker sjelden med andre. De gjør ofte det samme som barna i nærheten, men det er sjelden noen som henvender seg til dem eller hører etter når de prøver å fortelle noe. (Lamer, 2014, s. 14).

I melding til Stortinget 19 - Tid for lek og læring, punkt 4.4.1 - Tidlig innsats generelt for alle barn og særskilt for enkeltbarn (2015-2016), står det om kva inkludering i barnehagen går ut på. Det kjem fram at det omfattar både fysisk tilrettelegging og sosial deltaking. Alle borna skal ha moglegheit til å delta uavhengig av deira «interesser, kompetansar og utviklingsnivå». Det står òg at «barnehagen skal gi hjelp så tidlig som mulig i barns liv slik at barnet får mulighet til å delta i det sosiale læringsfellesskapet på samme måte som andre».

Evenstad (2007) meiner det for minoritetsbarn i barnehagen kan vere positivt med tanke på integrering. Men at dette forutsett høg kompetanse hjå personalet, og at dei «evner å se og møte det enkelte barn, og som klarer å skape gode opplevelser av fellesskap i lek for alle barn i barnehagen». Ho meiner at dette handlar om styrar og pedagogisk leiar og at dei må ha kunnskap om og anerkjenna «lekens samlende kraft, og evne og vilje til å lede personalet til å ta ansvar også for leken i barnehagen.» (Evenstad, 2007). Kari Lamer i Evenstad (2007) s.14-15 har forska på barnets sosiale kompetanse og deira utvikling. Fokuset hennar har vert barnehagen, og ho har gjort barnehagepersonalet observant på dei passive "perle-sykle- huske barna". Då det er ofte desse borna ikkje leiker saman med dei andre borna, men gjer det same som dei like ved, må ein vere ekstra observant så det ikkje vert oversett.

I barnehagen er det både sekundær og primær sosialisering. Sosialiseringa borna får i barnehagen er av formell og uformell læring, som i ei samlingsstund eller andre pedagogiske opplegg. Det er ulikt kva som blir vektlagt i heimen av læring, så i ein slik situasjon vil det vera ulikt kva borna meistrar i barnehagen. Ein kan seie at det i barnehagen skjer ei kulturformidling, barnet blir ein del av kulturen og tileignar seg akseptable åtferdsmønster, oppseding og folkeskikk. Barnehagen er ein viktig sosialiserings arena. Det ein byggjer vidare på av læring der, har blitt lært i heimen. (Stefansen, 2012, ref. i Bakken & Solbue, 2016, s. 53) For born med anna kulturell bakgrunn enn majoriteten, kan dette skape problem. Fordi mange av forventningane og kunnskapen som barnehagane forventar inneberer store overgangar frå primær til sekundær sosialisering. Barnet må finne ein plass i eit stort fellesskap, der dei må tilpassa seg nye roller.



Det kan vera store forskjellar frå primær til sekundær sosialisering. Dette kan visa att i barnehagen, der ein kan ha vekt på fri leik. Det kan bli opp til kvart enkelt born å meistra ulike kodar og felles forståing for å delta i leik og samvær (Evenstad 2007, Holten 2010, Zachrisen 2015, ref. i Bakken & Solbue, 2016, s.54). Evenstad meiner at dei born som ikkje forstår leikens språklege føresetnad eller dei sosiale reglane, vil mista ein god del av den sosiale treninga, fellesskapet, gleda og praktiseringa av språket.

Johannesen, (2007), referert i Bakken & Solbue, (2016, s.60) påpeikar at korleis born uttrykkjer følelsar og tankar er ulikt, og opp til heimen korleis dei vel å oppdra borna sine. Difor er det viktig at barnehagen er klar over at folk kan vektleggja ulike verdiar hos borna. Dersom det er store forskjellar mellom heim og barnehage kan det oppstå misforståingar. Barnehagen må leggja til rette slik at alle forstår, då er det ikkje sikkert det er godt nok med ein lapp om klede etter været. Slik informasjon gir ingen mening for ein utan referanse. Integrering handlar om ein tovegs prosess. (Bakken & Solbue, 2016, s. 54).

## 2.4 Leik

"Å leke engasjerer, gir kraft og en følelse av å ha kontroll, makt og kompetanse" (Öhman, 2012, s. 16). Store delar av barnehagekvardagen leiker borna. Eit born som leikar deltek i leiken med lyst og engasjement, og klarar skilje mellom leik og andre aktivitetar og tolka leikesignal. Eit born som leikar lar seg riva med i leiken, har det kjekt med eller utan andre, og klarar å slappa av (Kunnskapsdepartementet, 2016b). Leik er bornas primære arena for å uttrykkje seg sjølv. Noko som er viktig slik at borna får etablert ei god sjølvkjensle og få følelsen av meistring og kompetanse. Borna vil føle at dei kan ha kontroll og kunna ta eige initiativ. Difor er det svært viktig at borna får både tid og rom for å leike (Öhman, 2012, s. 15).

I følge Öhman (2012, s. 236) kan det bli vanskeleg for nokon born å delta i leik med mange born i eller rundt leiken. Faste leikegrupper kan vera ei god løysning. Der får borna færre born å forhalda seg til, og kan byggje gode relasjonar med kvart enkelt born i gruppa. I leikegrupper kan borna danna nye relasjonar med born dei elles kanskje ikkje ville ha kontakta. Leikegrupper på tvers av avdelingar kan ha svært positiv effekt. Då får borna leike saman med born dei ikkje leiker med til vanleg. Dersom det er barn med same morsmål, kan dei ha både glede og nytte av å leike saman (Kunnskapsdepartementet, 2016b). I melding til Stortinget 19, Tid for lek og læring - Bedre innhold i barnehagen, punkt 4.4.1 Tidlig innsats generelt for alle barn og særskilt for enkeltbarn, står det om leiken som den viktigaste sosialiseringsarenaen i barnehagen. «For mange barn kan tidlig innsats innebære at personalet daglig arbeider særlig målrettet og systematisk – over kortere eller lengre perioder – med å inkludere barn med behov for ekstra støtte i meningsfulle fellesskap» (Kunnskapsdepartementet, 2015-2016a).

## 2.5 Venskap

I vegleiaren barns trivsel – voksnes (2016b), ansvar står det at opplevingar saman med andre born kan vera vegen inn i eit nytt venskap. Ei svært viktig oppgåve personalet i barnehagen har er å hjelpa borna med å byggje gode relasjonar til kvarandre. Venskap bidreg til at borna får ein følelse av deltaking og fellesskap,

som vil bidra til positiv sjølvkjensle. Dersom borna høyrer til ei gruppe, gir det borna trygghet og sosial tilknytning. Personale som observerer, ser når born utviklar nye venskap. Nye venskap mellom to eller fleire barn som akkurat har funne kvarandre kan vera sarte, og kan difor ha behov for ro. Det er i slike tilfelle viktig å sjå verdien av dette i staden for å bryte opp på grunn av faste rutinar (Kunnskapsdepartementet, 2016b). I følgje forskning hjelper både leiketøy, song og at dei vaksne er deltakande i leik for å danne venskap. Borna kommuniserer gjennom leiketøya og kan danne eit venskap ved at dei leikar saman. Song kan vere eit slags kommunikasjonsmiddel for borna og det skapar god kontakt i ei gruppe. Dersom ein vaksen er med i leiken kan leiken vere open for alle andre born, og borna får gjennom den vaksne kontakt med andre born (Antonsen, 2015).

I Meld. St. 19 (2015-2016) punkt 4.1.2 Barns trivsel i barnehagen står det at «Lek og lekpregede aktiviteter i barnehagen fremmer inkludering i barnefellesskapet, vennskap og trivsel og utvikling av sosiale ferdigheter». Dette kan me sjå igjen i det Brandtzæg (2013, s.58) skriv om sosiale ferdigheter. Her skriv ho om venskap og at ei viktig oppgåve for dei vaksne i barnehagen er å hjelpe born med venskap. Ho viser til forskning som seier at born som i løpet av barnehageåra har utvikla sosiale ferdigheter, «har mindre psykiske problemar og bedre sosial tilpasning ved ti års alder enn barn som mangler den sosiale kompetansen». Ho viser og til forskning som seier at born som har ein bestevenn eller ein ven er betre rusta til å takla utfordringar.

### 3.0 Metode

Metode er eit verktøy til bruk for å kunne gjennomføra ei forskning. Verktøyet vert nytta for å få svar på, og skaffe seg kunnskap om eit emne ein ynskjer å utforske. Metodane handlar om korleis me organiserer, tolkar, og innhentar informasjon (Larsen, 2007, s. 17).

#### 3.1 Val av metode

Innan forskning er det vanleg å nytta enten kvalitativ eller kvantitativ metode. Uavhengig om ein vel ein kvalitativ eller kvantitativ metode er formålet å samle informasjon, innhente data. Val av metode kjem an på kva resultat ein er ute etter. Jacobsen (2010, s.25) skriv at «Kvalitative tilnærminger er åpne og fleksible og egner seg godt når vi ønsker å utvikle ny kunnskap og dypere forståelse», noko som har vore avgjerande for oss i vårt val av metode. Vårt hovudmål var å tileigne oss kunnskap og få ei djupare forståing for kvifor det er viktig å leggje til rette for å inkludera born som kjem nye til barnehagen, uavhengig av bakgrunn.

For å kunne finne svar på problemstillinga vår, ynskte me å få fleire sider av same sak. Me hadde tenkt å nytta kvantitativ og kvalitativ metode. Som Larsen (2007, s.25) og Jacobsen (2010, s.65) skriv, kan den kvantitative metoden vera hensiktsmessig å bruke når ein skal innhente store mengder data. Med denne metoden kunne me nå ut til mange fleire informantar og fleire informantgrupper, som til dømes foreldre i tillegg til pedagogar i barnehage. Samtidig seier dei at denne forma for undersøking skapar eit meir distansert forhold til den/dei som vert intervjuet. På grunnlag av problemstillinga vår: «Ny i barnehagen,

kvifor skal ein tidleg leggja til rette for å inkludera nye born, i alderen tre-seks år, i ei allereie etablert barnegruppe?»), var behovet vårt å koma i djupna. Me følte ikkje at den kvantitative metoden ville gje oss dei «ærlege» svara me var ute etter, og heller ikkje kome i djupna på same måte som ved å gjennomføra datainnsamling etter den kvalitative metoden.

Me måtte ta nokre val undervegs, og fann ut at det var mest aktuelt for problemstillinga vår å skaffa empiri frå pedagogiske leiarar i barnehagar. Valet vårt vart då å nytta kvalitativ metode. Ved bruk av kvalitativ metode har ein moglegheit til å nytte ulike metodar for å samle inn data. Me valte å nytta intervju som metode. Ein kan med denne metoden kome meir i djupna av det ein undersøker (Larsen, 2007, s. 26) (Befring, 2007, s. 182). Me valte å nytte opent intervju (vedlegg 3) som metode, noko som i følge Jacobsen (2010, s.87) skal vere prega av samtale om eit tema. Sjølv om valet vårt av metode tilseier at me kjem i djupna, (Jacobsen, 2010, s. 113) (Løkken & Søbstad, 2013, s. 106). Om den kvalitative metoden skriv Michael Quinn Patton (1980), referert i Løkken & Søbstad (2013, s.108) at det finst tre forskjellige typar intervju. Ein av desse er å nytta intervjuguide, slik me har gjort i våre intervju (vedlegg 2). Som Larsen (2007, s.84) og Befring (2007, s.37) påpeikar kan intervjuaren gjere seg nytte av taleopptak, noko me valte å gjere. Jacobsen (2010, s.93) ser mest fordelar ved å nytte taleopptak, men meiner ein bør òg vere obs på ulempene ved bruk av noko slikt. Til dømes seier han at enkelte kan reagere negativt eller bli stillare enn vanleg ved bruk av opptakar. Vår erfaring frå desse intervju, var at informantane ikkje let seg påverka av bruken av taleopptak. Under intervjuet formulere intervjuobjektet sine eigne svar. Det er vanleg at resultatet vert presentert i ein skriftleg tekst.

Me var begge to med på alle intervju, den eine stilte spørsmål medan den andre noterte litt undervegs, og stilte oppfølgingsspørsmål dersom det trongs. I og med at me nytta taleopptak følte me at det gjorde situasjonen rolegare med tanke på at me slapp å prøve å notere ned alt som vart sagt undervegs, og me kunne ha meir blikkontakt med informanten. Me ville at stunda me sat å intervju skulle vera naturleg, og prøvde difor å skapa ein god atmosfære.

### 3.2 Val av informantar

Når ein skal gjennomføra intervju er det viktig å ha tenkt grundig gjennom kven ein ynskjer å intervju og kva ein ynskjer å få ut av det. Når ein skal foreta eit kvalitativt intervju må ein vurdere nøye kven ein skal nytte som informantar. Når det gjeld kvalitative undersøkingar er det ikkje undersøkingseiningane som er det viktigaste, men personane som gjev oss god informasjon i forhold til problemstillinga vår (Jacobsen, 2010, s. 114). Ein må vurdere om ein skal nytta gruppeintervju eller eit individuelt intervju. I vårt tilfelle valte me individuelt intervju av pedagogiske leiarar. Nokre fordelar med individuelt intervju er at den som blir intervju ikkje treng ta omsyn til andre rundt seg, og kan difor koma med heilt eigne meiningar. Då det er ein ein-til ein relasjon er det og stor sannsyn for at ein skapar tillit til kvarandre og informanten kan opne seg meir (Jacobsen, 2010, s. 89). Val av informantar vart basert på informantane si erfaring med å få nye born på si avdeling utanom oppstart, uavhengig av bakgrunn. Også at dei arbeida med born i alderen tre–

seks år. Alle informantane våre var kvinner og representerte tre ulike barnehagar. Alle hadde lang arbeidserfaring. Det var viktig for oss at informantane arbeida i ulike barnehagar. Dette for å kunne få fram ulike praksis, verdiar og haldningar. At alle var kvinner var rein tilfeldighet og noko me ikkje såg som viktig faktor for vår undersøking og for å svare på vår problemstilling.

### 3.3 Pilotstudie

I prosessen med oppgåva var me plikta til å gjennomføre ei pilotstudie (vedlegg 2). Dette skal gå føre seg som ein del av forskingsprosessen, og vert gjort tidleg i fasen. Det går til dømes ut på å testa ut intervju spørsmåla sine på nokon (Larsen, 2007, s. 46). Det kan vere nyttig for å kunne justere spørsmåla sine, finne ut om ein får svar på det ein er ute etter i oppgåva, er spørsmåla for opne, for like, eller treng ein kanskje fleir. I forkant av pilotstudien hadde me bestemt oss for å nytte både kvalitativ og kvantitativ metode i forskinga vår. Då kunne me få eit breiare spekter og fleire vinklingar. Dette ville me gjere gjennom kvalitativt intervju med assistentar og pedagogiske leiarar, og kvantitativ metode med spørjeskjema for å nå ut til mange foreldre. Me valte å justera ned til ei kvalitativ studie med pedagogiske leiarar frå ulike barnehagar. Dette valet gjorde me ved at me undervegs stilte oss nokre etiske spørsmål, som: «kva vil me finne ut ved å intervjuje både assistentar og pedagogar?», «kvifor ynskjer me å intervjuje foreldra?», «trur me at foreldra skal svare negativt med tanke på barnehagen sin?». På den måten kunne me stilla oss sjølve kritiske spørsmål ved nytten og formålet ved bruk av fleire informantgrupper også knytt til kva som var vår «spissing» av tema i oppgåva vår. Det vert pedagogen si oppgåve å leggje til rette for å inkludera nye born på deira avdeling. Pedagogen må vidare ta det med seg til sine medarbeidarar, inkludera og involvera dei i prosessen for å få dei med på tenleg og eventuelle endringar av arbeidsmetoden. Pilotstudien var også tenleg for å få spissa problemstillinga vår (Befring, 2007, s. 74).

Etter gjennomført pilotstudie med ein barnehagestyrar, følte me at me var litt usikre på kor me ville med oppgåva. Me sat igjen med den oppfatninga at spørsmåla våre var nokså like. Me måtte dermed justera og formulera nokon av spørsmåla slik at me kunne kome i djupna på det me ville få kunnskap om. Med dette som utgangspunkt om formulerte og utforma me nye spørsmål som vart grunnlaget for gjeldande intervjuguide (vedlegg 3).

### 3.4 Gjennomføring av det kvalitative intervjuet

På førehand hadde me klargjort ein intervjuguide (vedlegg 3). Denne valte me å ikkje levere ut på førehand, då me ynskje å ha spontane og ærlege svar frå dei tre informantane me skulle intervjuje. I og med at me hadde denne intervjuguiden kan ein sei at intervjuet var planlagt nokså strukturert med ferdige spørsmål (Larsen, 2007, s. 83). Samtidig hadde me ikkje klare svar, så ein kan sei at det var ein kombinasjon av strukturert og opent intervju (Jacobsen, 2010, s. 90). Me nytta intervjuguiden som eit hjelpemiddel til oss sjølve under intervjuet. Informantane fekk også utdelt kvar sitt eksemplar under intervjuet, som eit hjelpemiddel, og for å kunne lesa spørsmåla. Me skulle gjennomføra alle intervjuja same dag, og var difor avhengig av ein viss effektivitet. I byrjinga av intervjuet presenterte den av oss, som ikkje kjente til

informanten seg, og me la fram problemstillinga vår og hensikta med oppgåva vår. Dette hadde me også snakka med dei om på førehand, og informert om i informasjonsskrivet vårt (vedlegg 1). Likevel følte me at det var naturleg å ta dette opp igjen då me sat i intervjusituasjonen, på den måten tenkte me at me fekk introdusert det skikkeleg, og kanskje kunne få i gang nokon tankeprosessar hjå intervjuobjekta. Me spurte så informantane om dei hadde nokre spørsmål før me begynte sjølve intervjuet. I følgje Jacobsen (2010, s.97) er dette ein styrke. Me byrja intervjuet med ein samtale rundt problemstillinga vår, på den måten blei både informantane og me som intervjuarar trygge. Dette kunne løyse opp eventuelle spenningar som kunne oppstå i ein slik situasjon. Ein kan tenkje seg at i slike anledningar kan somme føle seg stressa eller litt nervøse. Alle intervju blei gjennomført på informantane sine arbeidsplassar, noko som også kan ha vore ein påverkannde faktor til å gjere informantane meir avslappa, då miljøet var naturleg for dei, og som vert peika på kan være av betydning (Jacobsen, 2010, s. 92). I løpet av intervjuet stilte me oppfølgings spørsmål dersom informantane sa noko som kunne vera viktig å få med i oppgåva vår. I og med at me brukte lydopptak kunne me ha blikkontakt med informanten og skape ein meir naturleg samtale, slik mellom anna Jacobsen (2010, s.93) trekk fram som viktig faktor. Ein av oss spurte spørsmål medan den andre skreiv ned nokre notat.

Då me skulle intervju informantane våre valte me å møte dei alle ansikt til ansikt. Fordelen med det er at ein har moglegheit til å observera kroppsspråk og ansiktsuttrykk, og ein får eit meir ærleg svar då det er vanskelegare for informanten å svara uærlig når ein sitt ovanfor kvarandre (Jacobsen, 2010, s. 95). Då ein utfører eit ansikt til ansikt intervju er det viktig at tilliten er på plass. Fordelen vår var at ein av oss kjente til informanten, og då var det allereie ein tillit der.

Jacobsen (2010, s.94) snakkar om kor lang tid ein skal bruke på eit intervju. Han meiner at ein bør bruke mellom ein time og ein og ein halv time, han meiner at ein halvtime er for kort, og at ein dermed likegodt kunne ha nytta spørjeskjema. I vårt tilfelle hadde me satt av ein halvtime, slik at me ikkje opptok deira verdifulle tid i ein travel kvardag.

### 3.5 Validitet og Reliabilitet

Validitet handlar om gyldigheita eller relevans knytt til spørsmål, svar og vår tolking av svara (Jacobsen, 2010, s. 110). Det vil seie at spørsmåla me stiller må vera relevante i forhold til det oppgåva spør om, kva som er tema og særleg for å kunne gi oss svar på vår problemstilling. Det er også viktig at svara frå informanten vert korrekt gjengjeve og ikkje gjort om. I vårt høve for å sikra validiteten hadde me openheit under intervjuet for å kunna endra spørsmåla undervegs, og me let informantane kome med innspel dersom dei hadde noko særskilt å kome med undervegs. Me gjorde lydopptak, og dette sikra at me kunne gå tilbake å høyre på intervjuet. Reliabiliteten seier noko om pålitelegheita eller nøyaktigheita. Til dømes vil det vera viktig å ha med i vurderinga av reliabiliteten, at ein har tenkt igjennom moglegheita for at utfallet av intervjuet kan ha vore påverka av til dømes intervjuaren, dagsform og situasjon (Larsen, 2007, s. 81).

Jacobsen (2010, s. 92, 111) skriv om intervjuareffekt og konteksteffekt. Intervjuareffekt omhandlar korleis intervjuaren opptrer, han seier at resultatet kan bli påverka av dette. Med tanke på at me kjente informantane, kan ein seie at det kan ha påverka reliabiliteten, og at der har vore ein intervjuareffekt, ein kan tenkje seg at informanten anten skjerpa seg meir i og med at det var ein kjent person til stades, eller på den andre sida kan ein tenkje at informanten slappa meir av, og tenkte at svara ikkje var så nøye. Dette trur me vil vere individuelt frå person til person. Me nemnte i del 3.4, gjennomføring av det kvalitative intervjuet, at me intervjuar informantane på deira eigne arbeidsplassar. I følge Jacobsen (2010, s. 92) vil det påverka intervjuet kor ein held det, dette kallar han konteksteffekt. Han meiner intervjuet vert meir naturleg, og at ein får ærlegare svar dersom konteksten er naturleg.

### 3.6 Analyse og tolking av data

Då me var ferdige å intervjuar alle tre pedagogane føretok me ei halvvegs transkribering av intervjuet. Det vil seie, me høyrde gjennom alle lydopptaka og skreiv inn kva kvar og ein hadde svara til direkte bruk i empirien. Deretter trakk me fram likskapstrekk i svara og tok ut det me såg på som relevant for oppgåva vår. Då tenkte me at me hadde god oversikt over kva kvar og ein hadde svart, og det var lett å samanlikne svara. Etter at me hadde skriva det inn i empirien sletta me den transkriberinga me hadde gjort, då me kun hadde skriva det i oppgåva og ikkje i eit eige dokument. Når me kom til drøftinga såg me at me trong funna som me hadde samla inn, noko som førte til at me tok ei skikkeleg transkribering av intervjuet. For at me skulle kunne drøfta måtte me få eit inntrykk av kva data me hadde, og me kunne då lettare forenkla og samanfatta datainnsamlinga vår (Larsen, 2007, s.60). Då me føretok ei skikkeleg transkribering såg me at me hadde trekt nokon slutningar som ikkje stemte overeins med dei faktiske funna våre. Me hadde til dømes gjentekne gonger skriva i empirien at informantane meinte det same. Me hadde også teke ut sitat, som viste seg å ikkje vera reelle sitat. Dette såg me at ikkje stemte overeins med det dei faktisk hadde sagt. Her kan det tenkast at me har blitt påverka av vår eiga forforståing, at me fann det me trudde me skulle finne, i staden for det som informantane verkeleg sa. I følge Larsen (2007,s.69) er det viktig at ein gjer ei framstilling av det ein har funne så nær verkelegheita som mogleg. Ein skal unngå overtolkning.

### 3.7 Metode og kjeldekritikk

To av informantane etterlyste ein intervjuguide i forkant av intervjuet. Slik meinte dei at dei kunne stilt meir forberedt til intervjuet, presentert meir teoretiske og kanskje meir utdjupande svar. Me ville at informantane skulle kome med der og då svar. Me tenkte at dersom dei fekk spørsmåla i forkant kunne dei søke opp svar, eller tenke seg til passande svar. Dette er ikkje noko som med sikkerheit ville skjedd, men som var viktig for oss å ta stilling til på det tidspunkt. Ein kan stille seg kritisk til om det låg ein underliggende ubevisst grunn hjå oss, at pedagogane skulle avdekka «bevisstheita, eller strengt tatt ubevisstheita» til eigen praksis. I ettertid kan me sjå at det kunne vore fordelar ved at dei hadde fått spørsmåla på førehand, og at dette kunne vore ein arena til å få så grundige og reflekterte svar som mogleg.

Me nytta kvalitativ metode og få informantar å intervjuja. Då oppgåva vår ikkje er så stor tenkte me at det var nok å forhalda seg til. Me ser at dette valet har skrenka inn oppgåva ved at me berre nytta kvalitativ metode. Dette var positivt for oss når me ser det utifrå handterbar empiri. Med tanke på at me hadde så mange spørsmål fekk me meir enn nok data. Dersom me hadde nytta både kvantitativ og kvalitativ metode tenkjer me at me hadde sete att med for mykje data til denne oppgåva sitt omfang, også utifrå tida me hadde til rådighet. Men på ei anna side ville me fått eit breiare datagrunnlag og kunne ha løfta diskusjonen og svara knytt til tema og problemstillinga vår på eit anna plan, om me hadde gått breiare ut og nytta ulike og fleire informantgrupper.

I teoridelen har me gjort nokre val, og valt å ikkje fokusera på ein del element som kunne vore viktig i denne oppgåva. Som for eksempel sosial kompetanse og foreldresamarbeid, som er veldig viktig i dette temaet me har valt for oppgåva vår. Dette valte me å ikkje ha med for å avgrense oppgåva vår, for å ha fokus på praksis i barnehagen.

Med tanke på tida me hadde sett av til intervjuet, må me ta i betraktning at dette kan vere ei svakheit ved svar og empiri. I og med at me hadde sett av ein halv time, må me ta høgde for at bruken av tid kan ha påverka informantene. Til dømes kan informantene føla at ho må vere så konkret, at ho ikkje kan utdjupe innanfor temaet, dette underbyggjer Jacobsen (2010, s. 94) som seier at slik tidsbruk som me har valt vil føre til at ein ikkje kjem i djupna eller får fram relevant informasjon.

I følgje Jacobsen (2010, s. 22, 23) kan det å ha kjennskap til informantene vere både ei ulempe og ein fordel. Fordelen med å kjenna informantene er at ein lettare får tilgang til informasjon, ulempa er at det er vanskeleg å stilla seg kritisk til det informantene har å koma med.

I empirien har me har valt å ikkje presentera funn som omhandla identitetsdanning og ideell tilvenning, då me såg at dette ikkje hadde noko betyding for drøftinga. Med tanke på problemstillinga vår: «Ny i barnehagen, kvifor skal ein tidleg leggje til rette for å inkludera nye born, i alderen tre-seks år, i ei allerede etablert barnegruppe?», gav det oss ingen svar som var relevant for den.

### 3.8 Etske omsyn

I vår oppgåva var det viktig for oss at me tok etske omsyn til våre informantar. I dette tilfelle handlar det om å ikkje utlevere personlege data, anonymisera og presentera resultata med ei mest mogleg objektiv vinkling frå vår side (Larsen, 2007, s.15)

Med tanke på intervjuja me skulle gjennomføra, kom me fram til at det var mest hensiktsmessig å intervjuje pedagogar. Dette var fordi det er deira kompetanse me har bruk for å løfte fram. Me stilte oss spørsmål ved kvifor me ynskte å intervjuje assistentane og foreldra, og fann ut at det gjerne ikkje vart riktig med tanke på kva me ville med oppgåva og av etske omsyn. Dersom det var for å avdekke at noko ikkje var optimalt i

barnehagane synest me ikkje at det var riktig vinkling. Noko me har trekt fram tidlegare i 3.2, val av informantar. I følgje Jacobsen (2010, s.114) er dette eit viktig element å være bevisst som intervjuar.

Me hadde på førehand avklart med informantane at det var greitt å nytta lydopptak under intervjuet, og forsikra dei om at ingenting av det dei sa ville bli misbrukt, og at alt ville bli sletta etter at oppgåva var ferdig skreve (vedlegg 1). Med tanke på etiske omsyn valte me å formulera spørsmåla på ein slik måte at det ikkje kunne oppfattast fornærmande eller negativt ovanfor informanten og barnehagen. Dette er viktig å visa omsyn til presiserer Løkken og Søbstad (2013, s. 112), slik at informanten ikkje kjenner seg dum. Me freista då å skape ein positiv intervjusituasjon, slik Jacobsen (2010, s.96, 97) løftar fram som viktig. Me valte å bruka kodinga A, B og C for dei tre informantane, på denne måten kunne me halde informantane anonyme. I sitata har me nytta nynorsk, dette har òg vore eit bevisst val med tanke på anonymiseringa og at sitat og svar frå informantane ikkje skal vera gjenkjennelege.

## 4.0 Presentasjon av empiri

I empirien vil me presentera nokon av våre empiriske funn, og trekka fram nokon sitat som me har kome fram til gjennom intervju me har gjort. Me har bestemt oss for å presentera av funna det som er relevant for problemstillinga vår: «Ny i barnehagen, kvifor skal ein tidleg leggje til rette for å inkludera nye born, i alderen tre-seks år, i ei allereie etablert barnegruppe?». I den samanheng vil me ikkje leggje vekt på perifere funn, men nokon hovudfunn, som mellom anna omhandlar bruken av primærkontakt, prosedyre kring tilvenning og oppstart, og betydning av å inkludera.

### 4.1 Tilvenning og oppstart

Då informantane skulle gjere greie for prosedyrane i barnehagen kring tilvenning og oppstart for dei nye barna, var dei alle samde om at dei ikkje hadde nokre særskilde prosedyrar for desse borna. Men dei la alle vekt på at det var forskjell på om barnet hadde gått i barnehage tidlegare eller om dei var tilflyttarar frå eit anna land utan kjennskap til den norske barnehagekulturen. Informant A svara at ho hadde mest erfaring med born som hadde erfaring frå barnehagelivet frå før av, men at tilvenningsdagane var korte og greie. Ho sa at ho la ikkje så mykje til rette for borna som kom, det vart gjort meir på småbarnsavdelinga, at dei brukte meir tid på tilvenning der. Vidare sa ho at borna vert introdusert for barnehagen og dei faste rutineane ganske tideleg. Ein tek det roleg, inneleik/uteleik, lar borna få bli kjende. Informant A seier vidare at når det gjeld dei eldre borna, så gjekk tilvenninga til av seg sjølv, fordi borna er så "store". Informant B sa «Eg trur det er det same, men ein tek kanskje litt ekstra vare på dei, vertfall viss barnet kjem midt i året så har ein kanskje ein som følger barnet litt. Det er ikkje nokon spesielle prosedyrar». Ho sa vidare at dersom barnet er frå eit anna land vert det sett inn tolk dersom det er behov. Dette for barnets tryggleik. Informant C la vekt på at dersom borna har gått i barnehage før er dei på ein måte innkøyrt, men borna er usikre på oss vaksne og borna. Ho har sett at dei som har gått i barnehage før vert fortare trygge, medan dei som ikkje har gått i barnehage før, brukar meir tid på å bli trygg.



Informantane var alle samde om at tilvenningsperioden/oppstartsfasen er veldig viktig for borna. Informant A sa "det er jo viktig, men eg tenkjer at det er jo forskjell på borna og". Vidare seier ho at dersom det er eit stort born som har gått i barnehage før, som kjenner strukturen, og dersom dei er trygge på seg sjølv og kven dei er, så har dei ikkje noko behov for at dei har nokon med seg til å berre sitte der. Ho meiner det er viktigare for dei minste, at dei får tid på seg, dei som ikkje er trygge. Ho seier at når dei er litt større så taklar dei det betre. Informant B sa "det er veldig mange som treng den tilvenningsperioden, eller ein mjuk tilvenningsperiode. Og at ein er litt tolmogig og gjer dei litt tid". Informant C seier at det individuelt kor mykje tid borna treng i tilvenningsprosessen. Ho seier at det er viktig at barnet er trygg på seg sjølv, og at det forstår at foreldra kjem att. Informant C seier vidare at personale på avdelinga arbeider tett på for å inkludera å gjera borna trygt.

## 4.2 Tilknytning

Det var ulik praksis rundt oppstartsamtalane, men alle såg på dette som ein samtale som foreldra eigde, der dei fortalte om sitt barn, og anna nyttig informasjon. Informant A var ikkje vane med å ha oppstartsamtale, men tok gjerne samtale dersom foreldra ville det. Når det gjaldt oppstartssamtale og minoritetsspråklege familiar stiller det seg noko annleis. Her er ein avhengig av kommunikasjon tidleg i fasen meiner informant A. For å kunne leggje til rette for barnet, må barnehagen ha informasjon for å sikra at ein tek vare på deira kultur, livssyn og religion, og dermed ikkje krenka desse. Informant B har hovudsakleg ein samtale i året, men kalla inn til oppstartsamtale dersom barnet og foreldra er nye for ho. Informant C har samtale etter nokre veker, når ting har gått seg litt til, men har tett dialog med foreldra heile tida. Det var einigheit om at det kan vera nyttig å ha samtale med foreldra i forkant før borna startar i barnehagen, og at ein då lettare har moglegheit til å leggje til rette for ein god oppstart for barnet. Samtidig var dei og samde om at ein slik samtale kunne leggje visse føringar eller avgrensingar når ein skulle bli kjent med det nye barnet. Det vart òg sagt av informant A, at nokre foreldre kunne ynskje at barnehagen gjorde seg desse erfaringane med borna sjølve. Informant C har prøvd å ha samtale med foreldra og barnet før barnehagestart. Men ville framleis ha ein samtale i etterkant, etter at dei andre i personalgruppa hadde blitt kjent med barnet og.

Ved bruken av primærkontakt eller tilknytingsperson var det ingen av informantane som nytta seg av dette for barnets del. Informant A sa at dei brukte det ikkje på grunn av at dei følte ikkje behovet. "Ungane finner sine favorittar, det skjer liksom naturleg". Vidare sa ho at borna er så store at det ikkje er så stort behov hjå alle. "Desse store femåringane har ikkje behov for at eg skal passa ekstra på dei kontra nokon andre". Informant B sa: "me har ikkje sånn primærkontakt, me har litt større ungar". Informant C brukte primærkontakt, men ikkje til barnets fordel. Ho brukte det meir som eit hjelpemiddel for seg sjølv, og meir til praktiske gjeremål, som til dømes å laga bursdagskrona eller observera til foreldresamtale. Ho seier at foreldra veit ikkje kven som er primærkontakt til sitt barn, og det er bevisst for då er det fort gjort at det vert slik frå foreldra si side: "nei eg kan ikkje sei det til deg, eg må sei det til primærkontakten min".

### 4.3 Integrering og inkludering av «nye» born

Då informantane skulle gjere greie for omgrepet inkludera, gjekk dei alle inn på korleis dei ville inkludera borna. Informant A sa: "alle skal få lov til å bli med, alle skal behandlast likt ut frå sine premiss, og ikkje gjera forskjell. Informant A sa vidare "Det er ikkje sikkert du er inkludert i gruppa sjølv om ein har gått her i alle år". Informant B sa at alle blir sett, alle blir høyrte og at alle får vera med i leiken. Informant C sa at det handla om at det nye barnet skal føla seg velkomen og godtatt, og at det raskt få bli ein del av gruppa.

Informantane vart og spurde om å gjera greie for omgrepet integrering. Informant A sa ho ville jobba med å få barnet til å forstå kvifor me gjer slik me gjer, læra dei ny kultur, og kanskje ein ny måte å vera på. "Slik gjer me det her og det er fint om du også har lyst til å delta på det". Ho seier at ein skal ha ei forståing for dei og. Informant B tenkte på borna som kom frå eit anna land, men også frå ein anna barnehage. "Dei skal føla seg trygge og heima i barnehagen". Informant C sa: "Den nye tileignar seg måten me er på, og dei andre borna famnar om den nye og gjer den til ein del av heilheita".

Informantane blei spurt om korleis dei arbeida med å inkludera nye barn i ei etablert barnegruppe. Informant A svara at ho prøvde finna born som va litt like, laga smågrupper og hjelpe dei andre borna til å spørja om det nye barnet vil vera med i leiken. Informant B svara at ein vaksen har ansvaret i byrjinga og at dei har fokus på barnet i samlingsstunda. "Barnet får vera med på lik linje som dei andre borna". Informant C seier at det ikkje er nokre prosedyrar på korleis ein arbeida med å inkludera, men at ho vil dela i mindre grupper etter alder og interesser, og at etter erfaring er det då lettare å bli inkludert. Ho nytta og samlingsstunda til å presentera barnet. Inkludering var noko informant C tenkte på heile tida. Ho var og opptatt av at dersom ein skulle på tur skulle det nye barnet halde eit anna barn i handa i staden for ein vaksen, dette for å inkludera barnet i gruppa. "Me er bevisste på at me ikkje tar den ungen sjølv i ei vaksen hand. At ein prøver å få den nye inn i gruppa". Ho meinte at det kunne vere vanskeleg å kome inn i ei allereie danna gruppe.

Ved spørsmål om korleis dei arbeida med å integrera dei nye borna i ei etablert gruppe svarar informantane litt ulikt. Informant A svara at nokon er gode til å gjere det sjølv. "Det er ulikt kor mykje hjelp dei forskjellige borna treng og ein må sjå behovet til kvart enkelt born". Vidare seie ho at nokon har behov for å spørja om lov til å bli med, medan andre kan mangle heile majoritetsspråket, noko som kan vera utfordrande i seg sjølv. Informant B svara at ho tykkjer orda inkludering/integrering er litt like. Så det blir gjort på same måte, dei er med, personale hjelp dei inn i leik. Informant C hadde fokuset ein anna plass og meiner foreldra i samarbeid med barnehagen er med på å få barnet integrert. "Barnet må ha dei rette kleda og utstyret for å bli integrert". Ho seier at "inkludering vert greitt uansett, men at det er litt annleis med integrering. At når ein skal integrera nokon så må ein tileigna seg litt sjølv, foreldra må kanskje læra litt korleis det er i Norge for eksempel".

Det kom fram av intervjuet at dei ulike barnehagane ikkje hadde nokon fastsette tiltak eller prosedyrar for å sjå om barnet var blitt inkludert/integrert. Informant B og C meinte at det burde det ha vore. Informant A sa at dei brukte barnesamtalar på heile barnegruppa. På denne måten kunne dei høyre korleis barnet har det i barnehagen. Personale snakka og saman. Ho seier at alle borna kan trenge hjelp til å kome inn i gruppa. "Om du har gått her i alle år er det jo ikkje sikkert at du kjem inn i di eiga gruppe, du har kanskje ramla litt utfor". Informant B ser etter kvart korleis det går, om barnet leiker med nokon, eller om han/ho går mykje aleine. Informant C sa "me ser på trivselen til ungen og observerer heile tida". Ho seier at ein ser dersom eit born går mykje åleine. Då seier ho at ein verken er integrert eller inkludert.

Alle informantane var klare på at dersom borna ikkje var integrert/inkludert ville dei setja i gang tiltak og delt dei i leikegrupper. Dette var det heller ingen prosedyre på. Informant A ville også framsnakka barnet og prøva å finna nokon barnet kunne vera ein passende leikepartner med. Informant B ville få barnet og finna noko barnet var god på. Informant C sa at det kunne vera aktuelt å bruke den vaksne som leikepartner for å leike barnet interessant.

#### 4.4 Relasjonsbygging og vennskap

For å kunne leggje til rette for ein god start og vedvarande gode relasjonar har informantane ulike utgangspunkt. Informant A nemner at felles interesser, same modningsnivå og utgangspunkt er premisar som må ligge til grunn for god leik. "Det får du ikkje viss ein ikkje er interessert i bilar mens andremann er det". Informant B meiner at rutinar gjer mykje for samhaldet og legg vekt på samlingsstunda. Ho legg også til at gruppedeling saman med dei borna dei ikkje kjenner så godt kan ha positiv effekt. Informant C seier at tid, plass og rom er viktig for at borna skal få etablert seg. "Ein kan ikkje venta at dei skal fyka rett i leiken, eller vennskap. Dei må få tid til å etablere ting og".

Ved relasjonsbygging mellom dei nye og gamle borna seie informant A at ho gjer dei andre borna bevisste på at det kjem eit nytt barn. Informant B seier "leik er viktig, gje dei tid og rom for å leika". Ho meiner at ein ikkje alltid må skunda seg ut etter mat, men at borna kan få litt tid. At ein kan stoppa opp å tenka at borna kan få tid til å leika. Vidare seier ho at ho vil gjera den nye interessant, fortelja om barnet og til dømes landet det kjem frå om barnet ikkje kjem frå Norge. Informant C sa "gjere den nye interessant, snakka veldig mykje om den. Kjem den frå eit anna land så er det å forklare dei andre at dei har budd ein heilt anna plass. Ein kan be om hjelp av borna til å læra den norsk, og at barnet må få vera med". Vidare seier ho at den vaksne må vera fysisk med for å få denne ungen med i leik.

Informantane var einige om at det er viktig å halda på gode vennskap. Ein skal ikkje kunne splitta eit vennskap for at ein ny skal kome inn. Informant A sa "Dersom borna er like så skal ein klare å få barnet inn i gruppa, då er det rom for det. Men dersom ikkje så skal ein ikkje pushe på ein fjerdemann". Informant B meiner det er viktig å halda på venskapet, dersom borna er venner med born på andre avdelingar må ein danna grupper på tvers. "Dei dannar vennskap tidleg, så det er viktig å halda på dei". Informant C seier at

ein ikkje skal kimse av venskap. "Ein skal ikkje bryte opp alt, ein må ta vare på det ein har og". Dersom ein har godt etablerte venskap må ein vere forsiktig med å øydelegge dei. Men ein kan ikkje splitta to bestevener for at nye skal koma inn.

Men me kan ikkje godta at berre dei to skal vera dei to, men me kan heller ikkje godta at dei skal verta splitta for at dei ikkje skal vere så gode venner, fordi dei skal sleppa inn andre. Det er vanskeleg å ta vare på begge deler, men det er noko me må streba etter.

Betydninga av å endre struktur i ei barnegruppe for at eit nytt barn skal kome inn i gruppa var i følge informantane komplekst. Informant C meinte at ein kunne dela grupper det var gode vener, då det berre var snakk om til dømes 1 time for dagen, vidare seier ho at då kan ein opne opp for at borna ser nye sider ved born, som ein ikkje ser til vanleg fordi ein er så tett med nokon andre. Ho seier at dersom ein deler gruppene på tvers kan det oppstå nye relasjonar. "Det er ikkje farleg å dele dei litt dei finn jo kvarandre att seinare på dagen".

## 5.0 Drøfting

I denne delen av oppgåva vil me drøfta empiri og teori, frå vår teoriforankring i del 2.0 i lys av problemstillinga: "Ny i barnehagen, kvifor skal ein tidleg leggje til rette for å inkludere nye born, i alderen tre-seks år, i ei allereie etablert barnegruppe?". Me vil drøfta relevant teori opp mot våre empiriske funn, som er presentert i del 4.0. Me vel å leggja mest vekt der me ser informantane har ulike svar, eller der me finn at empiri og teori ikkje samsvarer. Me har delt drøftinga opp i kategoriane: betydning av tilvenning og tilknytning for eit born, bevisstheit kring og betydninga av eigen praksis i lys av inkludering og integrering, og leik og venskap ein veg til relasjonsbygging? Våre empiriske funn presenterer ikkje noko fasit, men er eit lite utdrag frå tre barnehagar, der me har fått eit utsnitt av verkelegheita.

### 5.1 Betydning av tilvenning og tilknytning for «nye» born

Me stilte spørsmål til informantane våre om det var dei same prosedyrane for tilvenning og oppstart med tanke på om borna byrjar utanom vanleg oppstartstid, og kva tankar dei hadde kring tilvenning. Informant A seier at dei har lite erfaring med å få born til barnehagen utanom oppstart, men at ho ikkje har lagt noko spesielt til rette for nye born i forhold til nokon andre. «Eigentleg kanskje mindre, ja enn for eksempel dei som begynner på småbarnsavdelinga» seier ho. Informant A seier om tilvenningsperioden «det er jo viktig, men eg tenkjer jo at det er jo forskjell på ungane òg». Informant B sa at dei tek ekstra vare på borna dersom dei kjem midt i året, og at det gjerne er ein som fylgjer barnet ei stund. Ho meiner at dei ikkje har nokon faste prosedyrar for dette. Ho seier vidare at dersom det er eit barn frå eit anna land, set dei gjerne inn ein tolk dersom det trengs. Både informant A og C meiner at dersom barnet har gått i barnehage før så kjenner dei rutinane og strukturen i ein barnehage, sidan det er mykje det same. Informant C meiner at dei borna som allereie har gått i barnehage er på ein måte allereie innkøyrde. Men at dei vil vere usikre på dei vaksne og borna, og må få tid til å bli kjent. Om ein ser frå delen om venskap og relasjonar i teoridelen, gjev

utvikling av ei trygg tilknytning i følge Askland og Satøen (2013) barnet fridom til å leika og utforska. Det vil difor vera viktig som informanten seier, at dei må få tid til å bli kjende og trygge. Dette underbygger Brandtzæg (2013) som mellom anna skriv at det i oppstartsfasen er viktig at barnet føler seg trygt. På same tid kan ein stille spørsmål ved informanten si bevisstheit kring tilknytning og oppstartsfasen si betyding, då eine informanten noko motstridande også seier at, dei som har gått i barnehage før, kjenner rutinane og slik sett kan definerast til å allereie vere innkøyrde. Slik me tolkar dette, vert dette ikkje støtta av mellom anna Brandtzæg (2013) som skriv at born som tidlegare har gått i barnehage og som kjem ny til ei gruppe born kan oppleve kjenslemessige brot i overgangen. Dette er eit viktig moment, til trass for at barnet har erfaring knytt til sjølve barnehagekulturen, også omtalt som ein del av barnet sin habitus, i følge Bourdieu i Drugli (2014). Informant C meiner at dei som ikkje har gått i barnehage før, brukar meir tid på å bli trygge. Gjennom våre undersøkingar kom det fram at alle pedagogane som vart intervjuja, syntest tilvenningsperioden var ei viktig tid. Samtidig sa dei alle at dei ikkje hadde noko prosedyre på dette feltet. Til trass for at det ikkje var noko prosedyre sa informant A at det er viktig å la borna tidleg få kjennskap til dei faste rutinane, men utover det er den fyrste tida roleg slik at borna får bli kjent. Informant B seier "Det er veldig mange som treng den tilvenningsperioden, eller ein mjuk tilvenningsperiode. Og at ein er litt tomodig og gjer dei litt tid". Informant C seier at det er individuelt kor mykje tid barnet treng i ein tilvenningsprosess, men at det er viktig at barnet er trygg på seg sjølv, og forstår at foreldra kjem att. Vidare seier ho at personale på avdelinga arbeider tett på for å inkludera og gjera barnet trygt. Dette kan me sjå opp mot det Brandtzæg (2013) skriv om i forhold til å få barnet til å føla seg trygg. Dersom barnet skal kunna delta i aktivitet saman med andre born og vaksne, er ein avhengig av at barnet kjenner seg trygg. Både informant A og C var bevisst på det som Brandtzæg (2013) skriv om med tanke på at borna som kjem til ein ny barnehage og har erfaringar frå barnehagelivet frå før, ikkje har noko relasjon til dei vaksne og borna i den nye barnehagen. Dei var bevisst på at dette var noko som barnet trong tid til.

Når det kom til det å ha med foreldra på tilvenninga sa informant A "dersom dei er trygge på seg sjølv og kven dei er, er det jo ikkje noko behov for at foreldra er med berre for å sitte". Dersom ein tenkjer dette sitatet opp mot tryggleikssirkelen er det gjerne nettopp det barnet har behov for. Tryggleikssirkelen viser korleis den vaksne fungerer som ein sirkel av tryggleik ved at den vaksne er til stades og let barnet utforska, men samtidig er observant og fungerer som ei trygg hamn når barnet har behov for det. Barnet held kontakt med omsorgspersonen innfor ein viss avstand (Brandtzæg, Torsteinson, & Øiestad, 2013). Her kan ein sjå at våre funn ikkje seier det same som teorien. Samtidig så skriv Broberg, Hagström & Broberg (2014) at dei eldre borna sjeldnare bruker pedagogane som ei sikker hamn. Med tanke på tilvenninga var det ei oppfatning hjå informant A når det gjaldt dei eldre borna i barnehagen, ho meinte at tilvenninga gjekk seg til av seg sjølv fordi borna var så "store". Me stiller oss spørsmål til denne tenkinga, og undrar oss på om det då vert fanga opp dersom barnet oppfattast trygt, men er mykje i leik aleine. Slik som Kari Lamer i Evenstad (2007) har sett fokus på, angående «perle-sykle-huske» borna. Desse borna kan vere vanskeleg å

fange opp, då dei involverer seg i aktivitetar der det er andre born, men dei gjer desse aktivitetane parallelt med gruppa, ikkje som ein del av den. På den eine sida kan barnets alder, utvikling og modning ha kome så langt at det å skulle begynne i ein ny barnehage ikkje treng by på særskilte utfordringar. På den andre sida er dette individuelt, og for nokon kan dette vera ei stor utfordring. Dette kan ein sjå opp mot det som Brandtzæg (2013) skriv om å få barnet til å føle seg trygt. Dersom barnet skal kunne samhandla med andre born, eller vaksne, er det å føle seg trygg heilt grunnleggjande. Dersom ein har ei generell tenking om at det går seg til av seg sjølv, tenkjer me at dette kan gå ut over barnet fordi det ikkje får den tryggheta det treng, og dermed vil kunne ha problem med samspel med andre born.

Våre empiriske funn viser at det er noko ulik praksis i barnehagane når det kjem til oppstartssamtale. Hjø informant A var dette valfritt og opp til foreldra, ho meinte at oppstartssamtalen er mest for foreldra sin del. Informant B meiner at dei føretek ein oppstartssamtale dersom det er eit nytt barn. Hjø informant C har dei ein samtale etter nokre veker, då har ting gjerne gått seg til litt, men ho presiserer at dei har tett dialog med foreldra heile tida. På ei side kan ein sjå at Brandtzæg (2013) seier at oppstartssamtalen kan vera ein verdifull arena for å byggja relasjon med foreldra og for å kunna leggja meir til rette for barnet i oppstartsfasen. På den andre sida kan ein sjå det som informant A seier om det å ha oppstartssamtale kan føra til at informasjonen om barnet frå foreldra kan bidra til eit forut inntatt inntrykk angående barnet slik at ein ikkje får gjort seg ei objektiv meining. Alle informantane kunne sjå nytten av å ha oppstartssamtalen før barnet begynner, slik at ein kan gjere seg kjent med barnet på førehand. Dette samsvarer med Brandtzægs tankar kring oppstartssamtale, der ein slik samtale vil gjere tilvenninga betre.

Ingen av informantane brukte primærkontakt til bornas fordel. Informant A ser ikkje behovet for ein primærkontakt og seier at personalet fordeler seg ganske jamt. Ho meiner at det skjer naturleg, ungane finn sine favorittar. Vidare seier ho at borna er så store at det ikkje er så stort behov. «Desse store femåringane har ikkje behov for at eg skal passa ekstra på dei». Informant B seier "me har ikkje primærkontakt. Me har litt større ungar". Brandtzæg mfl. (2013) meiner noko anna og seier at også dei eldste borna frå tre år har behov for ein primærkontakt eller tilknytingsperson. På den eine sida kan me sjå informantane sin tanke om at borna ikkje treng ein tilknytingsperson. For det fyrste vil borna gjerne finna sin favoritt, slik som informant A påpeiker, og då er denne personen barnets tilknytingsperson utan at han/ho har fått tildelt ein vaksen. For det andre kan ein oppleve at born i denne perioden ikkje er så avhengig av å få trøyst hjå ein vaksen, nokon kan halde seg til dei vert henta, og deretter ta problemet opp med foreldra sine, noko som vert stadfesta av Broberg, Hagström & Broberg (2014). Dei seier at dette handlar om at desse eldre borna har utvikla ei betre evne til å regulera følelsane sine. Johannesen (2007) referert i Bakken & Solbue (2016) meiner at ein må vere observant på kva oppseding barnet får i heimen, det kan vera forskjell på korleis borna lærer å utrykkje sine kjensler. Ein må vere klar over at foreldre kan vektleggja ulike verdjar hjå borna. På den andre sida kan det vera lurt å nytte ein tilknytingsperson, slik at ein har ein vaksen som er der frå byrjinga av, ein som passar på og ser at barnet har det bra, ein fast vaksen

som tek i mot barnet om morgonen så langt det lar seg gjera, og som sitt med barnet under måltid med meir. Brandtzæg (2013) meiner at borna skal ha minst ein vaksen som dei er trygg på, og som er tilgjengeleg for dei. Barnet skal verta kjend med alle vaksne, men det handlar om at barnet skal kunna føla trygghet dei fyrste dagane, og føla at han/ho kjenner ein vaksen godt i staden for ingen. Eit spørsmål som har dukka opp for oss er om dette svaret frå pedagogane er eit forutinntatt syn, at eldre born ikkje har behov for primærkontakt. Med tanke på dei yngste borna som kjem til barnehagen er det heilt nødvendig å vere tett på dei, vere var og gje dei mykje merkksamheit. Likevel ser det ut til å vere vanleg praksis at desse yngste borna i barnehagen har ein primærkontakt til trass for at ein naturleg nok er mykje tettare på desse borna i kvardagen og det kanskje naturleg ville danna seg ein tilknytingsrelasjon mellom det nye barnet og ein vaksen på ei småbarnsavdeling. Dersom det er slik at dei eldste ikkje har behov for ein tilknytingsperson på same premiss som dei yngste borna, kan det kanskje vere slik at dei eldre borna har behov for ein tilknytingsperson på ein annan arena. Brandtzæg (2013) seier vidare at borna i tre til seks års alderen vil lettare danna trygge relasjonar til fleir vaksne dersom dei har ein tilknytingsperson, til forskjell for dei yngste borna i barnehagen. Dette kan føra til at de eldre borna vil kunna søkja trøyst og vera trygg i samspel med fleire vaksne. Kanskje ein primærkontakt for dei eldre borna kan ha ein annan funksjon for dei, enn kva den har for dei yngste borna i barnehagen. Ein kan til dømes tenkje seg at dei eldste borna vil trenge rettleiing når det kjem til konfliktløysing, og relasjonsarbeid. Dersom dei vaksne har kvar «sine» born, vil det vere lettare å hjelpe dei, og vere nær dei, i staden for at alle skal passe på alle. Ein kan også dra nytte av ein primærkontakt meir praktisk. Dersom ein tenkjer at eit barn i barnehagen kan bruke primærkontakten sin slik som Bowlby (Hart & Schwartz, 2009) omtalar som trygg base, kan det tenkjast at den vaksne er var på bornas reaksjonar og kan gje det merksemd ved behov. For eksempel når barnet er i leik og blir lei seg, då kan det søkje trøyst til ein tilknytingsperson og gå i leik igjen når det er trygt igjen. Borna har ikkje behov for at tilknytingspersonen skal vera i umiddelbar nærheit, men vita at personen er der (Bowlby i Hart & Schwartz, 2009, s. 71).

## 5.2 Bevisstheit kring eigen praksis og betydinga av denne i lys av inkludering og integrering av «nye» born

Då me spurte informantane om kva dei la i omgrepa inkludering og integrering gav informant B uttrykk for at dei synes orda var like. Dette seier og våre teoretiske funn. Sjøvik (2014) skriv at det i dag er vanleg å bruka ordet inkludering, i staden for integrering. Ein vil ikkje at born med særskilte behov skal førast inn i noko, men at dei skal ha ein tilhøyregheit som er like sjølvstøtt som alle andre. Vidare seier ho at dersom ein nyttar ordet integrering, vil det bety at borna er utskilt som noko spesielt, og det vil føre til segregering sjølv om det er meint positivt. Moe og Valseth i Sjøvik (2014) seier at "grunntanken er at alle skal tilpasse seg hverandre". Informant A la i omgrepet inkludering at alle skulle få lov til å bli med, og at ho behandla alle likt, ut i frå deira premiss, at ho ikkje gjorde forskjell. Informant B, svara nokså likt informant A, at alle skulle bli sett og høyrte. At alle skulle få bli med i leiken. Informant C meinte det handla om at den nye skal føla seg velkomen og bli godtatt, og at barnet vert ein del av den gruppa ganske raskt. Då dei skulle sei kva dei la i

omgrepet integrering svarta informant A, at dette var noko ho sjølv måtte jobba med, med tanke på å få det nye barnet til å forstå kvifor ein gjer som ein gjer. Det handla om å læra ny kultur, og måtar å vera på. «Slik gjer me det her og det er fint om du også har lyst til å delta på det». Det handlar òg om forståinga for dei seier ho. Dette samsvarar med det som Stefansen (2012) referert i Bakken & Solbue, 2016, skriv om, angående kulturformidling. Barnet blir ein del av kulturen, og tileignar seg kulturelt akseptable åtferdsmønster. Informant B tenkte at det hadde med dei som kom frå eit anna land. Ho la til at det kunne og gjelde når det kom eit born frå ein annan barnehage. Med integrering tenkte ho at det nye barnet skulle føla seg trygg og heima i barnehagen. Informant C sa det slik «Den nye tileignar seg måten me er på, og dei andre borna famnar om den nye, og gjer den til ein del av heilheita». Som ein ser ut av våre empiriske funn ville informant A og C at borna som kom nye til barnehagen skulle tilpassa seg barnehagen sin måte å vera på. Ein kan her stilla seg spørsmål til kor inkluderande denne tenkinga er dersom ein ser til det Sjøvik (2014) skriv om inkluderande fellesskap. Ho meiner at alle skal tilpassa seg kvarandre og at det må baserast på gjensidigheit. Det er viktig å ha ei forståing for det nye barnet, og ikkje tenkje at dei skal bli slik dei andre borna i den nye barnehagen er. Ein må tenkje på at det nye barnet har med seg sin habitus (Bourdieu i Drugli, 2014). I følgje kan det for eit born med anna kulturell bakgrunn enn majoriteten vera vanskeleg å tileigna seg barnehagen sin måte vera på, fordi forventningane barnehagen har til barnet ikkje alltid samsvarar med oppsedinga i heimen.

Når dei skulle gå inn på korleis dei jobba med desse omgrepa i praksis svarta informant A og C at dei jobba med det ved å finna born som dei tenkte kunne passa saman, danna smågrupper. Informant A nemnte og på å hjelpe dei andre borna til å invitera det nye barnet inn i leiken. Informant B hadde ein annan innfallsvinkel, ho nemnte at ho brukte ein vaksen som skulle ha ansvar for barnet til å begynne med. Både informant B og C brukte samlingsstund aktivt, B brukte den til å syngje namnesongar. Dette blir understøtta av Antonsen (2015), han meiner at song er eit kommunikasjonsmiddel for borna og at det skapar kontakt i ei gruppe. Informant C brukte samlingsstunda til å presentere barnet og fortelje om det. Borna skulle få vera med på lik linje som dei andre borna i gruppa. Informant C sa òg at inkludering var noko ho tenkte på heile tida. Dette er i tråd med noko av inkluderings-intensjonen som er vektlagt i Stortingsmelding 19 (Kunnskapsdepartementet, 2015 – 2016), som framhevar at inkludering i barnehagen ikkje berre handlar om fysisk tilrettelegging for barna, men også om å leggja til rette for at borna får delta i sosialt læringsfellesskap. Dette kan sjåast som eit målretta og systematisk tiltak som kan definerast til å være tidleg innsats. Dette vert også underbygt av Moe og Valseth (2014) som seier at å delta i ei gruppe, og opplevast som likeverdige og deltakande er ein føresetnad for inkludering. Då kan ein seie som Stortingsmelding 19 (Kunnskapsdepartementet, 2015-2016a) mellom anna peikar på, at barnehagen har ein praksis som fører til at borna opplever å bli del av det sosiale læringsfellesskapet. I følgje Öhman (2012) har leikegrupper god innverknad. Både faste leikegrupper og leikegrupper på tvers av avdelingar har positiv effekt. Borna får mindre born å forhalda seg til og dannar relasjonar med kvart enkelt born i gruppa. Slik



kan borna danna vennskap som bidreg til at ein får ein følelse av deltaking og fellesskap, som vil bidra til positiv sjølvkjensle. Borna vil då kanskje tilhøyra ei gruppe, og det gir dei trygghet og sosial tilknytning (Kunnskapsdepartementet, 2016b). Dersom det er barn med same morsmål kan dei ha både glede og nytte av å leike saman (Öhman, 2012). Informant C hadde også ein annan konkret måte å jobbe på, det gjaldt når dei går på tur. Dersom det nye barnet ikkje har ei hand å halde i, så meinte ho at ein kunne styre det litt, ved for eksempel å sei kven som skulle leie saman. «Me er bevisste på at me ikkje tar den ungen sjølv i ei vaksenhand. At ein prøver å få den nye inn i gruppa». Ho meinte at når ei gruppe fyrst er danna, kan det vera litt vanskeleg å koma inn.

Dei empiriske funna våre viser at informantane arbeida noko ulikt med tanke på å integrere borna i barnehagen. Informant A meinte at ein må sjå behova, og at desse er veldig individuelle. I nokon høve kan heile majoritetsspråket mangle, medan nokon kan ha behov for å spørje om å få lov til å bli med. Informant B svara at det var litt på same måte som ved inkludering. At ein hjelper dei nye borna inn i leik, og får dei andre borna til å inkludera dei nye. Informant C hadde fokus på noko heilt anna, ho nemnte brev til foreldra om oppstart, og informasjon om utstyr og klede. Kva dei treng for at ungen skal kunna bli integrert. Ho seier at «inkludering vert greitt uansett, men at det er litt annleis med integrering. At når ein skal integrera nokon så må ein tileigna seg litt sjølv, foreldra må kanskje læra litt korleis det er i Norge for eksempel». Dersom foreldra skal vera deltakande i ein integreringsprosess, må ein sikre at informasjonen dei får er forståeleg for dei. Dette handlar som Bakken & Solbue (2016), skriv om, om integrering som ein tovegsprosess. Lamer (2014) seier at for minoritetsspråklege barn vil det å bli tildelt ein barnehageplass ikkje nødvendigvis føre til integrering. Observasjon viser at borna ofte går mykje for seg sjølv, leiker aleine og blir for lite høyrte av andre. I Stortingsmelding 19, "Tid for lek og læring" er nettopp dette trekt fram. At barnehagen skal gi hjelp så tidleg som mogleg, slik at born får moglegheit til å delta som likeverdige og oppleve å være ein del av det sosiale læringsfellesskapet, som leiken er (Kunnskapsdepartementet, 2015-2016).

Når det kjem til tiltak for å sjå korleis barnet har blitt inkludert/integrert i gruppa etter ein viss periode seier dei alle saman at dei ikkje har nokon særskilte tiltak. Både informant B og C tenkjer at ein gjerne burde hatt nokre tiltak. Likevel tenkjer dei at dei fangar opp, dersom nokon fell utanfor. Til dømes har informant A barnesamtalar, gjennom desse tenkjer ho at ho får ein del informasjon frå borna om korleis dei har det. Elles snakkar personalet saman. Ho legg vekt på at det ikkje berre er dei nye borna som treng hjelp til å kome inn i gruppa, det gjeld alle. Ho seier «om du har gått her i alle år så er det jo ikkje sikkert at du kjem inn i di eiga gruppa, du har kanskje ramla litt utfor». Informant B ser undervegs korleis det går, om barnet er i leik med dei andre borna, eller om det er aleine. Det kjem og fram frå informant C at dei følgjer med og observerer barnets trivsel heile tida, og seier dei får det med seg dersom eit born går mykje for seg sjølv. Slik me tolkar funna våre er det då ingen tiltak for å fange opp dersom eit born ikkje vert inkludert i gruppa, samtidig meiner dei at dei følger med og oppfattar det dersom det skulle vere tilfelle. Med tanke på det

Evenstad (2007) viser til frå Kari Lamer si forskning, er det særskilt viktig å vere ekstra observant på desse «perle, sykle, huske borna». Ho meiner at det kan i overflata sjå ut som at desse borna er med i leiken, og gjer det same som dei andre borna, men i grunn driv dei berre parallelt med same aktivitetar utan at nokon av dei andre borna bekreftar dei, eller gjer dei noko tilbakemelding. Slik me ser det krevst det kompetanse rundt dette temaet skal ein kunne vere observant på det.

På spørsmålet om kva dei gjer dersom dei ser at barnet ikkje er vorte inkludert/integrert i ei gruppe, svarer alle tre informantane at det er då ein må gjere tiltak. Det var ingen av dei som hadde nedskrivne tiltak, men dei var alle klare på kva som var nødvendig. Alle informantane ville då ha delt i mindre leikegrupper. I tillegg seier informant A at ho ville ha fokusert på å framsnakke dette barnet. Informant B ville funne ting som barnet var god på, for å få fram barnet. Informant C forslo også at ein vaksen kan vere leikepartner, for å leike barnet interessant for dei andre borna. Moe og Valseth i Sjøvik (2014) skriv at i ein barnehagekvardag handlar inkludering om at alle born ska ha moglegheit for å stå fram som verdifulle og interessante leikekameratar. Våre empiriske funn viser at informantane er opptatt av at alle borna skal stå fram som verdifulle leikekameratar. På den eine sida ser ein at informantane vil alle at dei nye borna skal bli integrert/inkludert i barnegruppa, på den andre sida kan ein sjå på funna som omhandlar venskap og relasjonar at informant C meiner det er vanskeleg om ein skal bryte opp eit godt venskap for å få plass til ein til, eller ikkje. Ho seier ein må vere forsiktig med å øydelegge allereie etablerte venskap, og at ein må ta vare på det som allereie er der. Samtidig seier ho at «ein kan ikkje godta at berre dei skal vera dei to, men me kan heller ikkje godta at dei skal verta splitta for at dei ikkje skal vere så gode vener, for at dei skal sleppe inn andre.» Ho synes det er vanskeleg å ta vare på begge deler, men at det er noko dei må jobba mot. Ein kan då spørje seg om det kan vere lurt å gjere dette i forkant, i staden for å vente til det er eit tema eller eit problem. Ut i frå vår empiri kan ein også stille seg spørsmål til om barnehagane tek inkludering og tilrettelegging nok på alvor, når eit nytt born, avhengig av bakgrunn kjem ny til barnehagen, ut i eit barnehageår då borna har sosialisert seg og etablert relasjonar og grupper. I følge Fagereng (2015) er det viktig at ei etablert barnegruppe er informert om og forberedt på at det kjem eit nytt born i den etablerte gruppa. Slik kan borna bli bevisste og ikkje minst ta godt i mot det nye barnet og då leggja til rette for inkludering av det nye barnet. Dette peikar blant anna Lamer (2014) på, at dersom borna får plass i barnehagen, er det ingen garanti eller automatikk for inkludering.

### 5.3 Leik og venskap ein veg til relasjonsbygging? I lys av «nye» born sin oppstart

Då informantane blei spurde om korleis dei kunne leggja til rette for ein god start og vedvarande gode relasjonar svarte dei litt ulikt. Informant A ville finna born med felles interesser og same modningsnivå, slik at dei hadde dei same premissane for ein god leik. Informant B meiner at gode rutinar vil gjera samholdet sterkare, og dela dei i grupper slik at borna blir kjent med dei de ikkje nødvendigvis kjenner så godt til. Dette vert understøtta av Öhman (2012), ho meiner at ikkje alle born klarar å delta i leik med mange born, og at grupper kan vera ei god løysning. I faste grupper kan borna byggje gode relasjonar med kvart enkelt

born i gruppa og danna nye relasjonar med born dei elles kanskje ikkje ville ha kontakta. Informant C sa at borna måtte få tid, plass og rom. "Ein kan ikkje venta at dei skal fyka rett i leiken, eller vennskap. Dei må få tid til å etablera ting og". Ein må vere seg observant på at dersom barnet har ein anna kulturell bakgrunn enn majoriteten kan det vera vanskeleg og tilpassa seg. Læringa som ein får i heimen er det ein byggjer vidare på i barnehagen, og forventningane barnehagen har til barnet kan innebere store overgangar frå primær til sekundær sosialisering. I barnehagen der det kan vere vekt på den frie leiken, kan det vera vanskeleg for enkelte born å meistra ulike kodar for å kunna delta i leiken (Evenstad 2007, Holten 2010, Zachrisen 2015, ref. i Bakken & Solbue, 2016).

Korleis personale arbeida med relasjonsbygging mellom dei nye og dei gamle borna svarte dei alle at leik var viktig. Informant A sa at ein måtte få dei i leik, invitera dei med og inkludera dei. Ho meinte at ein måtte gjera borna bevisste på at det kjem eit nytt born og invitera barnet med. Informant B meinte og at leik var viktig, å gje dei tid og rom for å leika. Ho meinte at ein ikkje alltid måtte skunda seg ut etter mat, men at ein kan stoppa opp og tenke at borna kan få tid til å leika. Dette ser me opp mot det som Öhman (2012) skriv. Ho seier at leiken er bornas arena for å uttrykkje seg. Dei utviklar sjølvkjensle, og får ei kjensle av å kunna ta initiativ og ha kontroll. Dette vil igjen føra til meistring. Ho skriv vidare at derfor er det viktig at borna får tid og rom til å leika. Öhman (2012) seier og at å leike engasjerer, gir kraft, makt og kompetanse. Slik me tolkar det, dersom borna får tid og ro til å leike, vil dei kunne utvikla sosial kompetanse. Informant C sa at dei måtte gjera det nya barnet interessant og snakka mykje om den. Dersom barnet kom frå eit anna land så måtte ein forklara det og be om hjelp frå dei andre borna til å læra dei norsk og korleis me leikar her, og at dei må få vera med. Schibbye (2012) snakkar om indre anerkjening, som handlar om den forståinga ein har for eit anna individs følelsar, tankar og opplevingar. At ein får lov til å eige si eiga kjensle. Dette kan ein sjå opp mot det informant C snakkar om, borna må anerkjenna det nya barnet, og ein må forstå at det for eksempel kjem frå eit anna land (Schibbye, 2012). Ein utviklar sjølvett sitt i samhandling med andre. (Tranøy, 2011). Ho sa vidare at den vaksne måtte vera fysisk med for å få ungen med i leik. Dette finn me att i vegleiaren, barns trivsel - voksnes ansvar, og i ei forsking av Antonsen (2015). Der står det at personale i barnehagen må hjelpa borna med å byggje gode relasjonar til kvarandre (Kunnskapsdepartementet, 2016b). Og i følgje forsking hjelper det at dei vaksne er deltakande i leiken, med tanke på å danna venskap. Dersom den vaksne er med i leiken er leiken open for alle born, og gjennom den vaksne får borna kontakt med andre born (Antonsen, 2015).

Informantane fekk spørsmål om betydninga av å oppretthalde ei etablert vennegrupper i ei etablert barnegruppe. Informant A svarta at det kom heilt an på kor fastsett gruppa var, og at ein uansett skulle klara å få inn nokon viss dei var litt like. Då ville det vera rom for det. Ho sa vidare at dersom ho såg at borna ikkje passa saman ville ho ikkje pressa på ein fjerdemann. Informant B svarta at det er viktig å halda på venskapet. Ho sa at dersom borna er venner med born på andre avdelingar er det viktig at ein kan danna grupper på tvers. "Dei danna venskap tideleg, så det er viktig å halde på dei". Dette ser me opp mot det

som står i trivselsvegleiaren barns trivsel - voksnes ansvar (Kunnskapsdepartementet, 2016b), barns samspill og lek. Å danna leikegrupper på tvers av avdelingar kan ha svært positiv effekt. Borna får leike saman med born dei ikkje leikar med til vanleg. Informant C svara at ein ikkje skal kimse av venskap. "Ein skal ikkje bryte opp alt, ein må ta vare på det ein har og". Dersom ein har godt etablerte venskap må ein vera forsiktig med å øydeleggje dei. Ein kan ikkje splitta to bestevener for at dei nye skal koma inn. Ein må ta vare på det ein har, men likevel gjera slik at ein slepp inn nye.

## 6.0 Avslutning

Innleiingsvis stilte me oss nokre spørsmål som me gjennom oppgåva ynskte å få svar på. Me spurte om ein tilpassa opplegget, med tanke på tilvenningsprosessen, for borna i alderen tre til seks år, på same måte som dei yngste då dei skal begynne i barnehagen? Og ligg det nokre haldningar til grunne for at desse borna ikkje har bruk for det på same måte?

Ut i frå våre empiriske funn, del 4.0, ser me at det ikkje blir lagt til rette på same måte som dei yngste borna då dei skal byrja i barnehagen. Alle informantane tenkjer at det går seg til av seg sjølv for borna som er litt større. Anten fordi dei har gått i barnehage før, eller fordi dei er så store. Ein kan tenkje seg til at det ligg nokre haldningar til grunne her som tileignar desse borna blant anna høgare tilknytingskompetanse enn kva dei kanskje har, med tanke på at dei er eldre eller at dei til dømes skal kjenna til strukturen i barnehagen dersom dei har gått i ein anna barnehage før.

For at borna skal få ein fin start i barnehagen tenkjer me det er viktig med ein god tilvenningsperiode. Ein tilvenningsperiode som strekkjer seg over tid er med på å skape trygghet for barnet, og lar barnet skape gode relasjonar med dei vaksne og dei andre borna i barnehagen.

Ut i frå våre empiriske funn kan me sjå at alle informantane vektla leikegrupper som eit godt verktøy med tanke på å få born inkludert i barnegruppa. Dette samsvarer med våre teoretiske forankring, i del 2.0, som blant anna seier borna som er i leikegrupper får færre å forhalda seg til, Öhman (2012, s.236) seier at her kan dei «byggje gode relasjonar med kvart enkelt born i gruppa. I leikegrupper kan borna danna nye relasjonar med born dei elles kanskje ikkje ville ha kontakta». Dette vil vere ein fin måte å jobbe med relasjonar og samspel. Borna vil lære å kjenne kvarandre, eins likskapar og ulikskapar og etter kvart lære å sette pris på, og respektere dette. Eit av våre hovudfunn var bruken av primærkontakt. Informantane nytta seg ikkje av primærkontakt til bornas fordel og grunngjev dette med at borna er så store. Samstundes seier Brandtzæg (2013) at også born over tre år har behov for ein primærkontakt. Her ser me at teori og empiri ikkje samsvarar. Me tenkjer at dersom ein vel å nytte primærkontakt kan ein tettare fylgje opp kvart enkelt born.

Gjennom vår drøfting av empiri og teori, i del 5.0, har me freista å belyse og finne svar på problemstillinga vår: «Ny i barnehagen, kvifor skal ein tidleg leggje til rette for å inkludera nye born, i alderen tre-seks år, i ei

allereie etablert barnegruppe?» Gjennom drøftinga tenkjer me at det er betre om ein byrjar inkluderingsprosessen med det same, i staden for å vente for å sjå om det går seg til av seg sjølv. Me vil tru det er vanskelegare å inkludera barnet etter ein lengre periode då borna gjerne har gjort seg ei meining angående dette barnet, i forhold til dersom ein startar inkluderingsprosessen med det same når det nye barnet har ein viss spenning/interesse over seg. Her kan en gjere seg nytta av ein primærkontakt. Det handlar om vennskap, danne relasjonar, kome inn i ei allereie etablert barnegruppe og bli ein del av ein heilheit.

Me har i denne oppgåva tileigna oss ny kunnskap, og fått ei djupare forståing kring tanken rundt tilvenning og prosessen med inkludering av nye born i barnehagen. Me ser viktigheita av å ta vare på nye større born, og tenkjer at dette er noko me vil setja lys på i barnehagane våre. Ved å ta med kunnskapen tilbake til barnehagane våre kan me gjere nytte av det me har fått ut av oppgåva. Me ynskjer å implementere inkluderingsprosessen allereie frå byrjinga, når det kjem nye born til barnehagen, og ikkje vente til at ein ser det er eit problem. Med tanke på funna våre angående primærkontakt som ikkje samsvarer med teoriforankringa, tenkjer me at det er noko me kan sjå verdien av, og gjere oss nytte av ved å gje kvart enkelt born ein primærkontakt som kan vera ein trygg base. Noko som ville vore eit aktuelt tiltak frå informantane våre, og samtidig vert forankra i teorien er bruken av leikegrupper til nytte for å danne relasjonar mellom borna.

## Kjeldeliste

- Antonsen, F. (2015, Mars 17). *Slik knytter de minste barna vennskap i barnehagen*. Henta frå <http://barnehage.no/forskning/2015/03/slik-knytter-de-minste-barna-vennskap-i-barnehagen/>
- Askland, L., & Satøen, S. O. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag As.
- Bakken, Y., & Solbue, V. (. (2016). *Mangfold i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Befring, E. (2007). *Forskningsmetode*. Fagernes: Det norske samlaget.
- Brandtzæg, I., Torsteinson, S., & Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Broberg, M., Hagström, B., & Broberg, A. (2014). *Tilknytning i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Drugli, M. B., Glaser, V., & Størksen, I. (2014). *Utvikling, lek og læring i barnehagen : forskning og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Evenstad, R. (2007). *Å overse et barn - - om lek og samhandling i den flerkulturelle barnehagen*. Henta frå <https://oda.hio.no/jspui/bitstream/10642/309/2/399518.pdf>
- Fagereng, K. M. (2015). *Velkommen til barnehagelivet!* Oslo: Kommuneforlaget.
- Hart, S., & Schwartz, R. (2009). *Fra interaksjon til relasjon*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Jensen, P., & Ulleberg, I. (2011). *Mellom ordene*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Korsvold, T., Bae, B., Dyblie Nilsen, R., Kirsten, L., Lundeby, H., Ytterhus, B., . . . Øksnes, M. (2011). *Barndom - barnehage - inkludering*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for innholdet i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Kunnskapsdepartementet. (2015-2016a). *Meld. St. 19 Tid for lek og læring — Bedre innhold i barnehagen*. Henta frå [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20152016/id2479078/sec1?q=19#match\\_0](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20152016/id2479078/sec1?q=19#match_0)
- Kunnskapsdepartementet. (2016b, Mars 22). *Veileder for barns trivsel - voksnes ansvar*. Henta frå <http://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barnehagens-innhold/trivsel/trivselsveileder/>
- Lamer, K. (2014). *Sosial kompetanse*. Fredrikshavn: Gyldendal Akademisk.
- Larsen, A. K. (2007). *En enklere metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Schibbye, L. A.-L. (2012). *Relasjoner*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sjøvik, P. (. (2014). *En barnehage for alle*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Tranøy, K. E. (2011, November 11). *Dialektikk – filosofi*. *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/dialektikk%2Ffilosofi>
- Öhman, M. (2012). *Det viktigste er å få leke*. Oslo: Pedagogisk forum.

## Vedlegg

Vedlegg 1 - Informasjonsskriv til intervjuobjekta

Vedlegg 2 - Pilotspørsmål

Vedlegg 3 - Intervjuguide

Tusen takk for at du stiller opp til intervju til vår bacheloroppgåve, det set me stor pris på.

Gjennom intervjuet vil me ha fokus på dei borna i barnehagen som kjem nye til barnehagen, uavhengig av bakgrunn. Problemstillinga vår er: Ny i barnehagen, kvifor tidleg leggje tidleg til rette for å inkludera nye born, i alderen tre-seks år, i ei allereie etablert barnegruppe? Målet er at denne oppgåva skal kunne brukast til hjelp for kvifor og korleis ein på ein god måte skal leggje til rette for at dei nye borna vert godt inkludert i barnegruppa i barnehagen.

Me ynskjer i dette intervjuet å nytta oss av lydopptak, ingenting av det du seier vil bli misbrukt, og det vil bli sletta når oppgåva er ferdig skreve.

Samtykke for bruk av lydopptak:

Ja

Nei

Lydopptaka skal kun vere til hjelp for etterarbeidet vårt med oppgåva, og vert deretter sletta. Opptaka skal ikkje delast med andre

I dette intervjuet har me delt spørsmåla inn i tema som er fylgjande:

- Tilvenningsperioden
- Tilknytning
- Integrering
- Relasjonsbygging mellom barna
- Tilvenning

Beste helsing

Anne-Torhild Lindskog og Aina Christine R. Linde



## Intervju

Spørsmål til pedagogar og assistentar:

Gjennom dette intervjuet vil me ha fokus på dei barna i barnehagen som kjem nye til barnehagen, enten fordi dei har bytt barnehage eller kjem nye til landet og skal begynne i barnehage. Dette vil me presisera når me skal foreta intervjuet.

## Integrering

1. Kan du beskriva prosedyren på korleis barnehagen tar i mot og integrerer nye born?  
Med tanke på dei borna som er tilflyttarar eller landebytarar.
2. Kva for nokre tiltak har de for å sjå korleis barnet har blitt integrert i gruppa etter ein viss periode?

## Relasjonsbygging mellom barna

3. Korleis kan ein på best mogleg måte leggje til rette for ein god start og vedvarande gode relasjonar?
4. På kva måte arbeidar de med relasjonsbygging mellom dei nye og dei gamle borna?
5. Bruker de primærkontakt? Dersom, korleis fungerer det? Dersom ikkje, kvifor?
  - a. Har de brukt primærkontakt?

## Tilvenning for nye barn

6. Kva tiltak/ikkje tiltak vert tilbudd i tilvenningsperioden?
7. På kva måte kan du sjå tilvenningsperiodens betydning for barna?

## Tilknytning

8. På kva måte er dei fyrste barnehagedagane lagt opp i forhold til nye barn i barnehagen? Er det forskjell om det er tilflyttarar frå anna barnehage eller landebytarar som er minoritetsspråklige barn?
9. Korleis opplever du at nye born blir etablert og dannar nye venskap
10. Korleis føregår oppstartsamtalet?
  - a. Og kva betydning har det?

## Spørsmål til foreldre:

### Integrering

1. Korleis er det å kome utanfrå som foreldre, i ny barnehage?
  - a. Gjorde personalet noko spesielt?

2. På kva måte opplevde de at barnehagen jobba med at barnet dykka skulle bli inkludert (utvikle venskap)?

#### Relasjonsbygging

3. Korleis følte de at barnet blei teken i mot av dei andre barna?
4. Korleis føler de at barnet blir teken i mot av dei vaksne?

#### Tilvenning

5. Kva betydning har tilvenningsperioden for deg som forelder og for barnet dykkar?

#### Tilknytning

6. Kva teikn opplever de på at barnet dykkar vart trygt?
  - a. Kor lang tid gjekk det?
  - b. Fann barnet sjølv ein primær vaksen? (Ein vaksen som dei knytta seg til)

Tema : Å være ny i etablert barnegruppe i barnehagen.

Problemstilling: «Ny i barnehagen, kvifor skal ein leggje til rette for å inkludera nye born i alderen 3-6 år i ei allereie etablert barnegruppe?».

### Intervju

Gjennom dette intervjuet vil me ha fokus på born som kjem nye til barnehagen, uavhengig av bakgrunn.

### Tilvenning/oppstart.

1. Me går ut i frå at de til tider opplever å få nye barn i barnehagen som ikkje har fylgt barnegruppa. Har de dei same prosedyrane for tilvenning og oppstart for desse barna uavhengig av bakgrunn? Eller har de andre prosedyrar? Kva er likt/ulikt? (Evt er det ulikt på grunn av bakgrunn, etnisk norsk/minoritets bakgrunn)
2. Kva er grunnen til dette?

### Tilknytning

3. Korleis går oppstartsamtalet før seg, og på kva tidspunkt har de den?
  - a) Kva betydning har samtalen?
  - b) På kva måte kan du sjå for deg at det kan vere nyttig å ha oppstartsamtalet før barnet byrjar i barnehagen?
4. Bruker de primærkontakt i oppstartsfasen?? Dersom, korleis fungerer det? Dersom ikkje, kvifor?

### Integrering/inkludering

5. Kva legg du i omgrepet inkludering?
6. Kva legg du i omgrepet integrering?
7. Korleis arbeider de med å inkludere nye barn i ei etablert barnegruppe? Kvifor?
8. Korleis arbeider de med å integrere dei nye borna i ei etablert barnegruppe? Kvifor?
9. Kva for nokre tiltak har de for å sjå korleis barnet har blitt integrert/inkludert i gruppa etter ein viss periode?
  - a) Kva gjer de dersom de ser at barnet ikkje er vorte integrert/inkludert i ei gruppe?

### Relasjonsbygging mellom barna

10. Kva betydning meiner du at relasjonar mellom barn og utvikling av venskapsrelasjonar har for eit barn?
11. Korleis kan ein på best mogleg måte leggje til rette for ein god start og vedvarande gode relasjonar?
12. På kva måte arbeidar de med relasjonsbygging mellom dei nye og dei «gamle» borna?

13. Korleis ser du på betydninga av å oppretthalde ei etablert vennegruppe i ei etablert barnegruppe?

#### Tilvenning for nye barn

14. Kor viktig er tilvenningsperioden/oppstartsfasen for eit barn meiner du?

15. På kva måte har personalet betydning for barnet si indentitetsutvikling, med tanke på tilvenning/oppstart? Gje dømer. Kan du begrunne?

16. Er dette likt/ulikt om du tek utgangspunkt i barn som er etnisk norske og barn som representerer ein fleirkulturell minoritet? Begrunn kvifor?

17. Kva tenkjer du er ei ideell tilvenning/oppstart dersom du kunne velje fritt utan begrensing av tid og personale osv?